
Saknr: 2019/13-4
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

| Utval | Utv.saknr. | Møtedato |
|---------------|------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 14.02.2020 |
| Fylkestinget | | 03.03.2020 |

Reglement for folkevalde organ og delegering - revidering og vidare arbeid

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek vedlagt revidert reglement for folkevalde organ og delegering.
2. Fylkestinget opprettar eit utval som skal vurdere reglementet. Arbeidet skal resultere i at revidert reglement vert vedteke på fylkestinget i juni 2020.

Samandrag

Inngangen til Vestland har bydd på nokre utfordringar knytt til kven som har mynde til å fatte avgjerd i ulike saker. Det er viktig at Vestland har eit føreseieleg og tilstrekkeleg presist reglement for folkevalde organ og delegering, slik at saksbehandlinga blir effektiv og at vedtak vert gjort av rette organ. I vedlagt revidert reglement er gjort naudsynte endringar som bidreg til nettopp dette.

Fylkesrådmannen ønskjer at fylkestinget tek del i reglementet. Fylkestinget bestemmer kva form og innretning gruppa som skal arbeide vidare med reglementet skal ha. Fylkesrådmannen vil bidra med naudsynt tilrettelegging, slik at revidert reglement kan vedtakast av fylkestinget i juni 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør for organisasjon og
økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reglement for folkevalde organ og delegering vart vedteke i konstituerande fylkesting i oktober 2019. Reglementet har bydd på nokre utfordringar knytt til kven som har avgjerdsmynde i ein del saker. Fylkesrådmannen varsla i fylkestinget i desember (sak RS 4/2019) at han ville kome tilbake med eit revidert reglement i tillegg til forslag om oppnemning av ei gruppe som skal sjå på reglementet i eit vidt perspektiv.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget vedtek reglement for folkevalde organ og delegering, jf. kommunelova §§ 5-13 og 5-14.

Fylkestinget opprettar utval, jf. kommunelova § 5-7.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Andre vurderingar

Prinsipielle saker

Av kommunelova § 13-1 (6) følgjer at fylkesrådmannen ikkje kan treffe vedtak i saker som har prinsipiell betydning. Denne avgrensinga av myndefordeling er så viktig at avgrensinga òg no er innarbeidd i delegeringsreglementet.

I reglement for fylkesutvalet er punkt 2.1.7 revidert. Den nye føresegna inneber at fylkesutvalet tek avgjerd i alle saker som ikkje er lagt til andre organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd. Saker av prinsipiell betydning (som ikkje positivt er lagt til anna organ), skal behandlast i fylkestinget. Denne sekkeposten inneber at fylkesutvalet er eit operasjonelt og effektivt utval, samstundes som prinsipielle saker vert førelagd fylkestinget.

Kva som er av «prinsipiell betydning» er nærare omtalt i førearbeida til kommunelova, Ot.prp. nr. 42 (1991-1992):

«.. Hva som er av prinsipiell betydning må fastsettes ikke bare ut fra vedtakets karakter og konsekvenser, og ut fra kommunens eller fylkeskommunens størrelse, men også ut fra en vurdering av i hvilken utstrekning de viktige skjønsmessige sider av den aktuelle avgjørelsen må anses klarlagt gjennom politiske vedtak, instruksjer eller tidligere praksis. Bestemmelsen gir dermed kommunestyret og fylkestinget et vidt spillerom for å vurdere hva som i det enkelte tilfelle er forsvarlig og hensiktsmessig. Det forhold at et mindretall blant de folkevalgte er uenig i avgjørelsen, og ønsker en kursomlegging, medfører ikke i seg selv at saken må anses å være av «prinsipiell betydning» så lenge det ikke er inntrådt nye omstendigheter som innebærer at det er en nærliggende mulighet for at det vil være mulig å oppnå flertall for en omlegging.»

Det vil vere opp til administrasjonen og folkevalde organ som har sak til behandling å vurdere om ei sak er av prinsipiell betydning.

Høringsuttale

Det har vore uklart kva organ som har mynde til å gi høringsuttale når Vestland fylkeskommune vert invitert til dette, til dømes i høyringssaker om nye/reviderte lover. I reglement for fylkesutvalet er slikt mynde no lagt til fylkesutvalet, sjå nytt punkt 7.

Fråsegn

I reglement for folkevalde organ og delegering, er fråsegn fleire stader omtalt i eit eige punkt. Med fråsegn er her meint uttale som organet på eige og sjølvstendig initiativ vedtek, typisk om dagsaktuelle tema. Det er organet som sjølv som gir slike fråsegn. Fylkesrådmannen ønskjer av omsyn til ulik myndedeling å oppretthalde skiljet mellom *høyringsuttale* og *fråsegn*.

Dersom eit organ ønskjer at Vestland fylkeskommune skal gi fråsegn, må organet sende slik innstilling til fråsegn til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan vedta, revidere eller forkaste fråsegna.

Arbeidsutval

Ny kommunelov tillèt berre arbeidsutval i organ som er å sjå som utval, jf. kommunelova § 5-7. Dette inneber at reglementa for medverknadsorgana og yrkesopplæringsnemnda må reviderast, då desse organa ikkje er *utval*/etter lova. Det vil ikkje vere høve til å nemne opp arbeidsutval i desse organa.

Val av varamedlemer til hovudutvala

Av reglementa for respektive hovudutval følgde at medlemer *og varamedlemer* skulle veljast mellom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Føresegna er ikkje i samsvar med korleis val vart praktisert i konstituerande fylkesting.

Av revidert reglement følgjer at medlemer skal veljast blant fylkestinget sine medlemer. Det er i reglement presisert at kravet ikkje gjeld ved val av varamedlem. Ved val av varamedlem står ein soleis fritt, so fremt krav om valbarheit mv. er oppfylt.

Reglement for delegering etter særlov

Etter vedteke delegeringsreglement har fylkesrådmannen mynde etter veglova § 29 til å gi dispensasjon frå byggegrenser. I revidert reglement er presisert at fylkesrådmannen òg kan gi dispensasjon frå byggegrenser.

Under plan- og bygningslova §§ 8-1 og 8-3 er mynde til å utarbeide planar ut frå det som er vedteke planstrategi og mynde til å utarbeide forslag til planprogram for regionale planar, flytt frå fylkesutvalet til fylkesrådmannen. Bakgrunnen for dette er omsynet til ei meir effektiv arbeidsdeling mellom administrasjon og folkevald organ. Mynde til å sende framlegg til planprogram på høyring og mynde til å vedta planprogram for regionale planar ligg framleis til fylkesutvalet.

Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (Omstillingslova) er oppheva frå 01.01.2020, og vert difor fjerna frå reglementet.

Reglement for saksbehandling

I punkt 15 om forslagsrett er presisert at kravet om at forslag skal vere elektroniske ikkje gjeld i saker som er unnateke offentlegheit.

I punkt 18 om spørsmål er presisert at spørsmåla må vere sendt inn to *yrkedagar* før møtet.

Tilsetjing av fast avløysar for fylkesrådmannen

Mynde til å tilsetje fast avløysar for fylkesrådmannen var opphavelag lagt til fylkesutvalet. Det går fram av kommunelova § 13-1 (7) at fylkesrådmannen har det løpande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetjing. Av førearbeida, Prop. 46 L (2017-2018) går fram at lovfesting av dette ansvaret er nytt, og inneber at fylkestinget ikkje kan velje noko anna løysing. Utpeiking av fast avløysar for fylkesrådmannen er difor ei oppgåve som skal liggje hjå fylkesrådmannen. Reglementet vert revidert i samsvar med dette. Sjå òg eiga referatsak om fast avløysar for fylkesrådmannen.

Arbeidsgruppe med mandat å vurdere delegeringsreglementet

Som varsla i fylkestinget i desember (sak RS 4/2019), ville fylkesrådmannen kome tilbake med forslag til oppnemning av ei gruppe som skal sjå på reglement for folkevalde organ og delegering i

eit vidt perspektiv. Fylkesrådmannen vil peike på at reglementet skal sikre grundig og effektiv saksbehandling, og at politiske avgjerder skjer på riktige nivå. Difor står delinga av mynde mellom folkevalde organ og administrasjon og mellom dei folkevalde organa innbyrdes sentralt.

Fylkesrådmannen rår til at gruppa vert samansett av folkevalde på tvers av politiske parti med ei framdrift som resulterer i at revidert reglement for folkevalde organ og delegering vert vedteke på fylkestinget i juni 2020.

Konklusjon

Det er naudsynt å gjere nokre endringar i reglement for folkevalde organ og delegering no. Endringane vil bidra til eit meir føreseieleg reglement og at avgjerder vert fatta av rette organ.

Det vert oppretta eit utval med oppgåve å sjå på reglementet. Alternativt vert oppgåva sett bort til eit av utvala som allereie er oppretta i Vestland. Revidert reglement for folkevalde organ og delegering vert vedteke på fylkestinget i juni 2020.

Vedlegg

Revidert reglement for folkevalde organ og delegering